



NORD- OG MIDHORDLAND  
JORDSKIFTERETT

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	113/8
12.08.2010	
Ar. Saksnr.	Løpenr.
06/3195	
Sakn.	Tilgangskode
BENH	

Lindås kommune

Saksnummer  
1200-2006-0050

Vår referanse  
1073/2010/VB/kib

Vår dato  
11.08.2010

### Melding om slutta sak

Til kommunen som myndighet i spørsmål om arealbruk, kart, oppmåling og eigedomsregistrering.

Vi viser til tidlegare melding om krav om sak for jordskifteretten, sak 1200-2006-0050 .

Saka vart slutta 02.08.2010 og er no rettskraftig.

Vedlagt følger kopi av utdrag av rettsbok m/kart.


Det er kommunens ansvar å sørge for at endringar i eigedomsopplysningane som framgår av rettsboka blir ført inn i matrikkelen.

Saka vart tinglyst 02.08.2010 med dagboknummer 571993 / 2010.

Nord- og Midhordland jordskifterett

*Kjersti Instebo Borlaug*  
Kjersti Instebo Borlaug  
førstekonsulent

Vedlegg  
- utdrag av rettsbok m/kart



# Nord- og Midhordland jordskifterett

Bedriftsnr. 976 305 329

## Rettsbok

Tinglysingsutdrag

**Sak: 1200-2006-0050 SIRSÆTER**

**Gnr. 113 i Lindås kommune**

**Oppstarta: 18.09.2007**

**Avslutta: 12.03.2008**

*Dette er eit rettkjent utdrag av rettsboka som inneheld alle opplysningar av varig verdi og som skal tinglysast, jf. jordskiftelova § 24 første ledd.*

## SAKSFOREBUANDE JORDSKIFTERETTSMØTE

---

**Rettsmøtedag:** 18.09.2007  
**Stad:** Lauvås grendahus i Lindås  
**Sak nr.:** 1200-2006-0050 SIRSÆTER, gnr. 113

**Saka gjeld:** Rettsutgreiing.

**Jordskiftedommar:** Vidar Bergtun

**Protokollfører:** Solfrid Stigen

**Saka er kravd av:** Per Samuelsen og Kjellaug Samuelsen

**Til handsaming:** 1 Gjennomgang av kravet  
2 Vidare framdrift i saka

### **Partar:**

Eigar av gnr. 113/18, Irene Eline Valøen Sørli, Grønnlivegen 14, 5300 KLEPPESTØ  
Eigar av gnr. 113/19, Kjellaug Samuelsen, Solhaugvegen 12, 5355 KNARREVIK

---

### **Prosessfullmektig:**

advokat Torstein Røed, Postboks 184 Sentrum, 5804 BERGEN  
Representerer Kjellaug Samuelsen

Eigedomane ligg i Lindås kommune.

**Til stades:** Kjellaug og Per Samuelsen saman med advokat Torstein Røed,  
Willy Sørli med fullmakt frå Irene Eline Valøen Sørli.

---

På spørsmål hadde ingen merknader til innkallinga til møtet eller til måten retten var samansett på.

Jordskiftedommaren gjorde greie for hovudreglane i domstollova §§ 106 - 108.  
Ingen kjende til noko som kunne tilseie at jordskiftedommaren var inhabil.

Jordskiftedommaren gjorde greie for at føremålet med munnleg saksførebuing er å avklarte partstilhøva og å få oversyn over dei problema som ein ønskjer å få løyst. Dommaren gjorde merksam på at det ikkje blir teke realitetsavgjerder i dette møtet.

### **Følgjande dokument vart framlagde:**

1. Krav om sak ved jordskifteretten frå Per og Kjellaug Samuelsen datert 26.10.2006.  
Vedlegg 1. Brev frå advokat Kent Fredriksen dat. 27.10.2006.  
Vedlegg 2. Kopi av skøyte, erklæring om vei m.m.
2. Brev frå advokat Kent Fredriksen datert 03.11.2006.
3. Forkynning av krav om sak for jordskifteretten sendt partane 12.12.2006.

4. Brev frå Lindås kommune datert 09.01.2007.
5. Brev frå Irene Eline Valøen Sørli dat. 15.01.2007.
6. Brev frå Irene Eline Valøen Sørli dat. 19.03.2007.
7. Brev om skifte av advokat frå advokat Torstein Røed datert 27.06.2007
8. Innkalling til saksførebuande rettsmøte, datert 21.08.2007
9. Skriv, datert 09.09.2007 frå Arild Låstad, med vedlegg.
10. Fullmakt, datert 18.09.2007 frå Irene Eline Valøen Sørli til Willy G. Sørli.

Dokumenta blei gjennomgått i nødvendig grad.

**Advokat Torstein Røed for Liv Samuelsen** gjorde greie for kravet.

Bnr. 19 ble overført til Hildur Jaren i 1989. Sjå kopi av skøyte. Egedommen hadde då 3 meter brei vegrett over bnr. 18. Egedommen blei vidare overført til Monika Eide og vidare til Samuelsen den 12.03.2003. I Hildur Jarens eigartid skal ho ha fråfalle retten til veg. Sjå bilag 2 i kravet. Den 18.08.1991 blei vegretten fråfalle.

Bnr. 18 blei overført til Audun Låstad i 1989 og vidare til Irene Valøen Sørli den 12.09.1991. Altså like etter at vegretten skal ha blitt fråfalle. I skøytet frå 1991 står det at bnr. 18 må avstå gangsti til bnr. 19. Det er ikkje omstridt kvar vegen/ stien skal ligge, men korleis vegen/stien skal vere. Vegen må tilpassast både føremål og behov. Hildur Jaren nektar for at ho har fråfalle vegretten på 3 meter over bnr 18. Det blei i denne samanheng utlevert erklæring frå Hildur Jaren som fekk **dok nr. 11**.

#### **Willy Sørli:**

Han syner til dei erklæringane dei mottok då dei kjøpte egedommen. Der går det fram at bnr. 19 har rett til gangsti over hans egedom. Stien blei utvida til 2m bredde utan at dei fekk varsel om dette. Det er deira syn at Samuelsen har ein gangsti som skal følgja terrenget.

#### **Synfaring:**

Partane saman med retten drog på synfaring. Ein såg på vegen frå den kommunale vegen og ned mot sjøen. Den omtvista stien vart synfart. Ein såg også på yttergrensene for dei to bruka.

Jordskiftedommaren gjorde merksam på at det er partane sitt ansvar å skaffe fram dokument og andre bevis.

Den vidare framdrifta av saka vart drøfta. Innkalling til neste møte blir send i vanleg brev med minst éi veker varsel, jf. jordskiftelova § 14.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.  
Saka blir utsett inntil vidare.

Retten heva.  
Lindås, 18.09.2007

Vidar Bergtun (s)

## JORDSKIFTERETTSMOTE

---

**Rettsmøtedag:** 12.03.2008  
**Stad:** Statens Hus i Bergen  
**Sak nr.:** 1200-2006-0050 SIRSÆTER, gnr. 113

**Saka gjeld:** Rettsutgreiing.

**Jordskiftedommar:** Vidar Bergtun

**Saka er kravd av:** Per Samuelsen og Kjellaug Samuelsen

**Til handsaming:** 1 Drøfte minneleg løysing i saka  
2 Vidare framdrift i saka

**Partar:**

Eigar av gnr. 113/18, Irene Eline Valøen Sørli, Grønmlivegen 14, 5300 KLEPPESTØ  
Eigar av gnr. 113/19, Kjellaug Samuelsen, Solhaugvegen 12, 5355 KNARREVIK

---

**Prosessfullmektig:**

advokat Torstein Røed, Postboks 184 Sentrum, 5804 BERGEN  
Representerer Kjellaug Samuelsen

Eigedomane ligg i Lindås kommune.

**Til stades:** Kjellaug og Per Samuelsen saman med advokat Torstein Røed,  
Willy Sørli med fullmakt frå Irene Eline Valøen Sørli.  
Rune Samuelsen var også tilstades.

---

**Følgjande dokument vart framlagde:**

12. Skriv, datert 04.10.2007 frå advokat Folkmann med kartvedlegg.
13. Skriv, datert 31.12.2007 frå Willy Garmann Sørli.
14. Skriv, datert 02.01.2008 frå advokat Røed.
15. Innkalling til saksførebuande rettsmøte, datert 27.02.2008.

Dokumenta blei gjennomgått i nødvendig grad.

**Advokat Torstein Røed for Liv Samuelsen** fekk ordet.

**Willy Sørli** fekk ordet.

Det var innkalla til saksførebuande rettsmøte. Etter drøftingar kom partane fram til ei semje i saka. Begge partar var samde om at møtet skulle setjast som rettsmøte og at semja kunne takast inn som eit rettsforlik i saka.

Det originale rettsforliket med kartvedlegg er innteken i saksdokumenta som **dok nr 16**.  
Rettsforliket lyder slik:

*”Etter at partane var gjort kjende med følgjene av eit rettsforlik, vart det inngått slikt:*

*Rettsforlik i sak 1200-2006-0050*

*Partane i saka er samde om at gbnr 113/19 i Lindås kommune har rett til å anlegge og bruke ein 1 meter brei gangveg over gbnr 113/18 langs dette bruket si vestgrense frå sjøvegen og fram til gbnr 113/19. Retten er avlagt på vedlagde kart.*

*Denne bruksretten gjeld også rett til å føre opp ein betong / gråsteinsmur langs gbnr 113/18 si vestgrense for å oppnå tilnærma plan gangbane på tvers av lengderetninga. Ein slik mur skal ikkje vere høgare enn nødvendig for å oppnå dette.*

*Partane er samde om at eigaren av gbnr 113/19 sjølv vel fundamentering og type toppdekke.*

*Willy Garmann Sørli (sign)*

*Kjellaug Samuelsen (sign)*

*Per Samuelsen (sign)*

*Bergen 12.03.2008”*

### **Jordskiftekostnader**

Kostnadene med denne saka er oppgjort gjennom det som alt er innbetalt i grunngebyr av Samuelsen.

### **Forkynning og anke.**

Forkynning skjer etter reglane for postforkynning. Ankefristen er ein måned rekna frå forkynningsdatoen.

Rettsforliket i saka vert rekna som forkynt for partane ved opplesing i rettsmøtet i dag. Ankefristen på rettsforliket er ein måned rekna frå dags dato.

Kopi av reglane om anke i jordskiftelova kap. 7 føl forkynninga.

### **Tinglysing**


Saka skal tinglyst på fylgjande eigedommar i Lindås kommune:

Gnr 113, bnr 18 og 19

Retten heva, saka slutta.

Bergen, 12.03.2008

Vidar Bergtun (s)



(scan av kartvedlegget til rettsforliket, dette kartet er såleis ikkje målestokkriktig)

1200-2006-005 SIRSETER, gnr. 113 Nord- og Midhordland jordskifterett

